

MØTEREFERAT

Tema: Regionkommune Sunnmøre – 3. forhandlingsmøte
Dato/Sted: Raddison Blu, 1. mars 2016 kl 09:00 til 12:00

Møteleder: Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS
Referent: Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS
Fremmøtte: Britt Giske Andersen, Varaordfører, Giske kommune
Harry Valderhaug, Ordfører, Giske kommune
Marit Elisabeth Larsen, Rådmann, Giske kommune
Roar Dyb-Sandnes, Formannskapsmedlem, Giske kommune
Ewa Hildre, Formannskapsmedlem, Haram kommune
Siv Katrin Ulla, Formannskapsmedlem, Haram kommune
Svein Harsjøen, Formannskapsmedlem, Haram kommune
Turid Hanken, Rådmann, Haram kommune
Vebjørn Krogsæter, Ordfører, Haram kommune
Anders Riise, Ordfører, Hareid kommune
Egil Mortensen, Økonomileiar, Hareid kommune
Ranja Dimmen Alme, , Hareid kommune
Ann-Heidi Orvik, Rådmann, Sandøy kommune
Odd Arve Orten, Formannskapsmedlem, Sandøy kommune
Oddvar Myklebust, Ordfører, Sandøy kommune
Åse Kristin Ask Bakke, Varaordfører, Sandøy kommune
Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune
Dag Olav Tennfjord, Ordfører/Nestleiar, Skodje kommune
Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune
Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune
Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune
Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune
Eva Hove, Ordfører, Stordal kommune
Kjersti Ruset Hjelle, Varaordfører, Stordal kommune
Jim-Arve Røssevoll, Ordfører, Sula kommune
Kjetil Fylling, Kommunalsjef, Sula kommune
Svein Værnes, Varaordfører, Sula kommune
Vibeke Bjørkavåg, Formannskapsmedlem, Sula kommune
Åge Remvik, Formannskapssekretær, Sula kommune
Erlend Krumsvik, Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd
Anne-Karin Watters, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune
May-Helen Molvær Grimstad, Rådmann, Sykkylven kommune
Njell Hoftun, Planleggar, Sykkylven kommune
Odd Jostein Drotninghaug, Ordfører, Sykkylven kommune
Petter Lyshol, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune
Geir Peter Aure, Varaordfører, Ørskog kommune
Karen Simonnes Aanes, Ordfører/leiar, Ørskog kommune
Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune
Astrid Eidsvik, Rådmann, Ålesund kommune

Eva Vinje Aurdal, Ordfører/Leiar, Ålesund kommune
Tore Hals, Kommunereformkontakt, Ålesund kommune
Tore Johan Øvstebø, Varaordfører, Ålesund kommune
Øystein Tvedt, Gruppeleiar H, Ålesund kommune
Annika Brandal, Hareid kommune
Øystein Båtnes, Sula kommune
Forfall: Bent Arild Grytten, Rådmann, Hareid kommune
Truls Håbakk, , Hareid kommune
Nils Magne Abelse, Formannskapsmedlem, Sandøy kommune
Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune
Hallstein Skår, Formannskapsmedlem, Sula kommune
Magne Anton Sunde, , Sula kommune
Ingvild Liadal, Kommunikasjonsrådgjevar, Sunnmøre Regionråd
Vedlegg:

Dagsorden

Forhandlingsgruppa ønska fylgjande punkt på dagsorden. Desse er:

1. Presentasjon av intensjonsavtalen v/skrivegruppa
 - a. Herunder notat om økonomi
2. Infrastruktur
3. Lokalsamfunnsutvikling
4. Basistjeneste
5. Sentrumsstruktur og tettstadsutvikling
6. Administrasjonsspråk
7. Eventuelt

Dei øvrige punkta vil ein kome tilbake til i seinare møter. Lista er truleg ikkje utfyllande for den samla prosessen til slutt.

- Administrasjonsstad/Sentraladministrasjon
- Fagadministrasjon
- Fordeling av kommunal stillingar geografisk
- Næringsutvikling
- Digitalisering
- Beredskap

Omforeinte punkt, som skal oversendast skrivegruppa

Evt. korrigering av utkast til intensjonsavtale

Linje 165 Ta vekk: «,til dømes delegert ansvar for basistenestene»

Linje 155 og 156 endrast til nytt punkt: Kommunedelsutvala må sikrast tilstrekkeleg administrasjon.

174 Endring av tekst «Kommunedelane kan – til «Kommunedelane skal»»

Linje 188/189 Gevinstane skal gå til å styrke tenestene, og realisere visjonen i den nye kommunen.

Definering av basistenester: Skule og SFO, Kulturskule, Barnehage, Bibliotek, Heimebasert omsorg, Døgnbemanna omsorgsbustadar, heildøgn omsorgsplassar. Desse tenestene skal ligge der folk bur, etter dagens struktur. (jfr. linje 126/127)

Forslag til nytt punkt under demokrati: Legge tilhøva til rette for at politikarane får gode arbeidstilhøve for sikre lokaldemokratiet.

Evt. korrigeringa av notat økonomi

Forslag til tekstendring, jfr. siste side i notatet:

Ein skal legge til rette for heilskapleg planlegging på økonomiområdet som både tek omsyn til **kommunale planer gjeldande frå 2017 til 2020**. Alt frå hausten 2016 skal ein starte å tilnærme seg ein felles økonomiplanprosess med blick for å bygge ei felles kommune. Investeringsprosjekt som allereie er innarbeida i dei tidligare kommunane sine økonomiplanar skal prioriterast i den nye kommunen sine budsjett- og økonomiplanar. Det er ein føresetnad at prosjekta er nøkterne og fullfinansierte i balansert budsjett eller økonomiplan.

Infrastruktur

Dei ulike deltakarkommunane har identifisert infrastrukturprosjekt som dei ynskjer at den nye kommunen skal ta hensyn til i satsinga vidare.

Oversikta er ikkje satt opp i prioritets rekkefølge, og endringar i oversikta kan utførast fram til endeleg utkast av avtalen.

Skodje

- Møreaksen alt. K2
- Storfjordsambandet

- Bygge ny ishall på Sunnmøre?
- Gode kollektivløysingar knyt opp mot Digernerneset

Stordal

- Børdalslinja
- Mo-Overøye (regionalt friluftsområde)
- Møreaksen, alt K2
- Gode kollektivløysingar mot Stordal
- Gang og sykkelveg Øvrebust - Mo

Sula

- E39 Sulesund – Vegsund
- Mauseidvåg – Vedde - Borgundfjordsambandet (Tunnel/brusamband)
- Utvide tilbudet på Langevågsbåten
- Betra kollektivløysingar

Sandøy

- Nordøyvegen
- Hamsundsambandet
- Kollektivtrafikk
- Digital infrastruktur

Ørskog

- Møreaksen alt. K2 (Ørskogfjellet)
- Børdalslinja
- Betra kollektivløysingar
- Fiberløysing

Sykkylven

- Storfjordsambandet
- Digernes/Magerholm
- Tunnel Hole - Engeset
- Betring av kollektivtilbud
- Fiber

Ålesund

- Bypakken
- Møreaksen
- Hafast
- Hamsundsambandet
- Borgundfjordsambandet

Haram

- Nordøyvegen, RDA midlar
- Hamsundsambandet
- Digitalt nett
- Betra kollektive løysingar (buss og hurtigbåt)
- Møreaksen, Tomrefjord – Skodje

Giske

- Transport og fiskerihamn i Gjørundet (NTP)
- Transport og vegløyising til Ålesund lufthamn Vigra (By- og flybane)
- Betra kollektivløyisingar (buss og båt)
- Fiber og mobilnett
- Hamsundsambandet

Hareid

- Hafast
- Gang og sykkelveg til Hjørungavåg
- Tunnel til Alme
- Fiber
- Betra kollektivløyising (Buss og båt)

Forhandlingsgruppa jobba med ein tekst om felles satsing på infrastruktur, men kom ikkje i mål med denne. Utkastet i møtet vart:

«Det er ein ambisjon å prioritere statsfinansierte infrastrukturprosjekt, særleg fjordkryssingar, som knyter den nye kommunen saman. Det er også ambisjon om å bygge ut digital infrastruktur.»

- Forhandlingsutvala tek denne teksten til vitande, og skal prøve å formulere ein tekst til neste møte. Denne sendast forhandlingsleiar to dagar før neste samling, slik at alle forlaga kan sendast ut som grunnlag for vidare handsaming.

Basistjenester

Vart ikkje handsama, blir tatt igjen i neste møte.

Sentrumsstruktur og tettstadsutvikling

Vart ikkje handsama, blir tatt igjen i neste møte.

Administrasjonsspråk

9 av 10 forhandlingsutval føringar for felles løyising:

Den nye kommunen skal ha Nynorsk skriftspråk.

Oppgåve til skrivegruppa

Skrivegruppa ser på grunnlaget for å legge til rette for ein språksbruksplan.

Eventuelt

Intet.

Etablering av ad hoc grupper

Ikkje behov for dette.

Møtet slutt 12:00